



DEN NORSKE KYRKJA

Leveld, Torpo og Ål sokneråd

Protokoll frå

Soknerådsmøte

Tid: 3. desember 2024 kl 16.30 – 18.00

Stad: Kyrkjestugu, Ål

Desse møtte:

Liv A Solberg	Leveld sokn	
Inger Haug	Leveld sokn	
Frøydis Stoveland Dekko	Torpo sokn	
Kari Kristine Flatland	Torpo sokn	
Ingrid K. Hajem	Ål sokn	
Marianne Laa	Ål sokn	For Anne Kjersti Frøyen
Audun Vestenfor	Ål sokn	
Wenche Skår Ekse	Ål sokn	For Arild Ø. Hansen
Geir Wiknes	Sokneprest	

Inger Elise Kaslegard møtte også.

Referat sendt til;

Alle møtte og;

Egil Kolsrud	Torpo sokn
Arild Ø Hansen	Ål sokn
Anne Kjersti Frøyen	Ål sokn

Servert enkel mat frå 16.10

Opning v/ Inger Elise

Fadervår

Før saklista: Besøk av Vemund Aukrust, organist.

Vemund fortalde litt om kva han driv med i arbeidskvardagen. Litt om t.d. kantoriet og prosjektet rundt folkemusikk-gudstenester. Geir meiner at Soknerådet bør invitere Vemund seinare for å legge ein plan for kyrkjemusikk.

SAKLISTE:

Sak 133/24

Godkjenning av referat og sakliste. Soknepresten vil ha protokollført at me har hatt besøk av Vemund. Elles godkjent utan kommentarar.

Sak 134/24

Mandat for kvart utval under soknerådet. Det har blitt utarbeidd ein mal for dei ulike utvala, der «Plan for diakoni», «Plan for trusopplæring» osb. skal definere sine oppgåver. Alle desse utvala ligg under soknerådet sine ansvarsområde og rapporterer til soknerådet.

Den norske kyrkja har overordna planer for desse områda.

Bakgrunnsdokument i saka

Strategiplan for den norske kyrkja

Handbok for sokneråd og fellesråd

Tidlegare lokale planer for dei ulike utval

Framlegg til vedtak:

1. Utvalet er oppnemnt av soknerådet og er eit av dei faste utvala og har funksjonstid som fell saman med soknerådet.

2. Oppgåvene til utvalet er å:

a. vere rådgjevande organ for soknerådet i spørsmål særleg knytt til feltet (born, unge og trusopplæring / diakoni / kunst og kultur / gudstenestesaker / dugnad og økonomi), og i den samanhengen kan utvalet bli bedt om å førebu eller gje uttale i saker,

b. inspirere til, planlegge og gjennomføre arrangement og andre tiltak i kyrkja si regi, herunder (konsertar, breiddetiltak, leir, temakveldar, basar, m.m).

c. Når det er mogleg, ha særleg merksemd knytt til å ivareta og rekruttere frivillige.

d. Utvalet kan utarbeider ein plan for arbeidet sitt

3. Utvalet er samansett slik:

- a. Sokneprest / kantor / diakon / undervisningsleder / konsulent
- b. Soknerådet oppnemner X stk (antal) blant medlemmene i rådet, inkl. varamedlemmer.
- c. Soknerådet kan og oppnemnde utvalsmedlemmer som ikkje er folkevalt eller tilsett.
- d. Leiar av utvalet er: (eks. prest, kantor, diakon, kyrkjelydspedagog, eller andre/ blir valt av utvalet sjølv)

4. Soknerådet sine prioriteringar innanfor virkefeltet i planer og vedtak, er retningsgjevande for utvalet, som elles står fritt til å prioritere sitt arbeid.

5. Dersom utvalet si verksemd eller ønska tiltak inneber behov for økonomiske bidrag ut over det som er gitt i soknerådets budsjett, skal det i god tid sendast søknad til soknerådet.

6. Utvalet held jamlege møter.

7. Utvalet rapporterer til soknerådet ved oversending av referat og i soknerådet si årsmelding. Korte orienteringar på soknerådsmøte ved dei/den frå utvalet som sit i soknerådet.

8. Endringar i mandatet kan vedtakast av soknerådet. Medlemmene av rådet og utvalet har forslagsrett. Før eit forslag til nytt eller revidert mandat kan handsamast av soknerådet, skal utvalet få høve til uttale.

Vedtak om vidare prosess; Utvala får frist til 25. februar med å komme med uttale i denne saka.

Soknerådet legg til grunn dei to vedlegga som ei ramme for arbeidet med lokal plan for utvala. Me ber om at utvala arbeider med dette og legg fram endeleg forslag til plan for soknerådet til orientering/ godkjenning.

Vedlegg; Utvalsstruktur og mandat for utval.

Sak 135/24

Konfirmantplan- orienteringssak

Soknepresten viste konfirmantplanen for 2024-2025 på eigen powerpoint-presentasjon. Han la fram planen for konfirmanntida og viste bilete frå samlingane og konfirmasjonen i vår.

Sak 136/24

Val av leiar

Leiaren i soknerådet blir nestleiar i fellesrådet. Likeins blir leiaren i fellesrådet nestleiar i soknerådet.

Instilling til leiar: Frøydis S. Dekko med nestleiar Anne Kjersti Frøyen.

Vedtak: Frøydis vart einstemmig valt som leiar og Anne Kjersti einstemmig valt som nestleiar.

Sak 137/24

Forslag til møteplan vår 2025

Sokneråd/Fellesråd

14. januar

18. mars

29. april

27. mai

Arbeidsutval

2.jan. kl 14.00

25.feb. kl 14.00

8. april kl 14.00

13. mai kl 14.00

Forslag om å vidareføre representantar i AU frå alle tre sokna. Felles AU møte for sokneråd og fellesråd.

Etter å ha vurdert ulike sider knytta til møtetidspunkt, ynskjer ein å halde fast på å starte møta 16.30, med eit enkelt varmt måltid 20 min. før.

Sak 138/24

Sekretærfunksjon til sokneråd- orienteringssak

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 05.11.2024

VEDTAK:

1. Leveld, Torpo og Ål sokneråd får hjelp frå Ål kyrjekontor til sakshandsaming og referatskriving av soknerådssaker.
2. Kyrkjevevja har ansvar for at dette arbeidet blir gjennomført enten av kyrkjevevja sjølv eller ein av sekretærane på kontoret.
3. Ordninga gjeld frå 1. januar 2025.

Sak 139/24

Kyrkjebladet

Mail fra Line Bakke, diakon, om at engasjementet på eit år avsluttast etter utgjeving i mars 2025.

Line Bakke og Ingvild Kringlebotten Stautland avsluttar engasjementet i kyrkjebladet etter mars-nummeret i 2025.

Inger Elise har gjort ein jobb med å finne annonsørar til kyrkjebladet. Dette har vist seg å vere mykje vanskelegare enn ho hadde sett for seg.

Me må finne nye personar som kan engasjere seg i kyrkjebladet. Dette har me eit tidegare vedtak på at me skal godtgjere med 10 000 kroner.

Me vil høyre med Magny R. Folkedal om ho kan tenkje seg å ta opp att denne jobben, som ho hadde tidlegare, då ho var sekretær. Men ho treng i så fall nokre fleire å støtte seg på i dette arbeidet.

Me har også fleire namn på lista, som me vil spørje om å delta i ein redaksjon:

- Torbjørn Gunhildgard, Viel Vestenfor og Sigmund Krøvel-Velle

Inger lagar ei Messenger-gruppe der Inger, Marianne og Ingrid kommuniserer om kven som blir med i redaksjonen frå mars og utover.

Sak 140/24

Eventuelt

Orienteringssaker;

- **Sigurd Dale, framføring av kyrkjeårets tekstar, Liv orienterer**
- **Fryd Scene, konsert under Ål-taket 16. januar 2025 m/ Torun Torbo**
- **Innsetting av prost 19. jan. Kjetil Storebråten leiar. Kyrkjekaffe på Evjens.**
- **Felles møte sokneråd/stab. 5 febr. Invitasjon vert sendt ut til ansatte i jan-25.**
- **Olsok – mail frå Liv Margit. Avklarast med adm.**
- **Kulturmelding frå kyrkjerådet, kort orientering.**
- **Rekneskap/budsjett for sokneråd neste møte i januar 2025**

Frøydis Stoveland Dekko

Ref. Audun Vestenfor

Leiar Ål, Leveld og Torpo sokn.